

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	27.08.2025
Vår referanse	2025/42642-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Marlene Sørli
E-post	Marlene.Sorli@vlfk.no
Telefon	47750168

Fråsegn til høyring av søknad om nedlegging av dam - Lønningsåsen - Stord kommune

Bakgrunn

Stord kommune har søkt til NVE om å fjerne dam Lønningsåsen i Leirvik. NVE har difor sendt ut søknaden på høyring. Stord kommune søker om å fjerne dammen i Lønningsåsen da dammen ikkje tilfredsstiller gjeldande krav til tryggleik. Det vart gjeve løyve til å senke nivået i dammen frå NVE i 2022 for å teke i vare tryggleiken. Dette var eit mellombels tiltak før kommunen tok stilling til kva som skulle skje med dammen vidare. Stord kommune har no vedteke at dammen skal leggst ned og fjernast.

Vurdering

Kulturminne og kulturmiljø

Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljøstyresmakt. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innafor tiltaksområdet. Vi har difor ingen avgjerande kulturmiljøfaglege merknader i saka.

Vi ber likevel om at ein søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Vassmiljø

Lønningsåsen er ikkje ein naturleg vassførekomst og ligg ikkje inne i vann-nett. Dammen er allereie tappa ned og det vil difor ikkje ha innverknad på vassmiljøet om det vert gjeve løyve til nedlegging av dam. Ved fjerning av dam-konsentrasjonen er det viktig at anleggsarbeidet ikkje fører til forureining nedstrøms. Elles har vi ingen vassmiljøfaglege merknadar til søknaden.

Med helsing

John Anton Gladsø
seniorrådgjevar
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Marlene Sørli
rådgjevar
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift